

# BOKN BYGDEBLAD

---


Nr.4

1986

årg.1

---

## Bokn Fiskemottak A/S vil stå klart hausten-86?



Slik tenkjer ein seg fasaden på det nye Bokn Fiskemottak A/S  
i fiskerihavna ved Knarholmen

Les om dette på side 2

---

ELLES HAR BYGDABLADET FÅTT HEILE 5 SIDER FRÅ 6. KLASSE VED BOKN  
SKULE. 2 AV SIDENE ER MED I DETTE NUMMERET. DEI STÅR PÅ SIDE 4  
OG 5. RESTEN AV STOFFET FRÅ 6. KLASSE KJEM SEINARE:

---

DENNE GONGEN HAR ME OGSÅ FÅTT NYTT FRÅ AUSTRE BOKN. LES SIDE 3

---

VAKTLISTE HEIMESJUKEPLEIEN - MIDTSIDENE - KAN TAS UT

---

KONFIRMANTAR I BOKN TORSDAG 8. MAI - SJÅ SIDE 12

---

# Bokn Fiskemottak A/s

## vil stå klart hausten-86?

Bokn kommunestyre gjorde i møte den 12 november 1985 vedtak om å laga eit forprosjekt for etablering av pakke- og sløyesentral for oppdrettsfisk i Bokn kommune.

Arbeidsutvalet er gjennom arbeid- et sitt kome fram til at det er grunnlag for etablering av ein pakke- og sløyesentral for oppdrettsfisk i Bokn.

Arbeidsutvalet har i prognosene sine lagt til grunn eit mottak av fisk på 600 tonn pr. år. Dette tilsvarar leveransane frå ca. 4 oppdrettsanlegg. Mottaket har faktisk større kapasitet, og kan dobla kapasiteten dersom ein installerer ekstra sløyebord.

Ut frå erfaringstal frå andre pakkeri, vil ein tru at ei slik etablering det her er tale om vil gje 7,5 årsverk.

Arbeidsutvalet ser det som svært viktig at pakke- og sløyesentralen vert etablert raskt, og meiner at anlegget bør kunna stå klart for mottak av fisk alt hausten 1986. Arbeidsutvalet meiner også at eit A/S bør stå for drift og bygging av pakke- og sløyesentralen.

Ein tek sikte på at aksjonærar i selskapet bør vera oppdrettarar i og utanfor kommunen. I tillegg vil rådmannen rå til at tegningsdokumenta vert endra slik at Bokn kommune får rett til å kjøpa inn- til 25 % av aksjene. Kostnaden til dette vil i alt utgjera kr. 125.000.-. I tillegg vil rådmannen rå til at Bokn kommune garanterer fulltegning av aksjene.

Pakke- og sløyesentralen er tenkt etablert i den nye fiskerihavna ved Knarholmen.

Rådmannen vil også rå til at naudsynt kai, ca. 15 meter, vert

bygd av kommunen som ein almenningskai, og at aksjeselskapet får kjøpa, eventuelt bygsla ei tomt på 2 mål innforbi kailinja.


Denne saka var oppe til handsaming i Bokn formannskap den 1. april, og det vart gjort slikt vedtak:

- 1)  
Bokn kommunestyre godkjenner framlegget frå arbeidsutvalet til etablering av pakke- og sløyesentral for oppdrettsfisk i Bokn kommune med slik endring:  
I tegningsinnbydinga må det presiserast at Bokn kommune skal ha rett til å kjøpa aksjer. Vidare må det i tegningsinnbydinga presiserast at det i tilfelle overtegning av aksjer vil bli prioritert tegnere med tilknytning til Bokn kommune.
- 2)  
Bokn kommunestyre godkjenner lokaliseringa for anlegget i samsvar med vedlagt kart.
- 3)  
Bokn kommunestyre vil be kommuneingeniøren fremma ei sak om bygging av almenningskai i samsvar med spesifikasjonar frå Kystverket.

Saka skal opp til handsaming i Bokn kommunestyre den 29. april.

Dei som er med i interimsstyret er:

Jan Erik Nygaard, Carl Amundsen, Svein Ove Alvestad, Oddvar Thorsen og Stein Alendal.



# Nytt frå Austre Bokn

## BYGG OG ANLEGG

I dette nummeret av bygdabladet har me tenkt å sjå på kva som går føre seg på austre sida av Boknasundet.

Til dagleg på denne tida av året går det meste av tida med i ku- og sauefjøsset, der kalving og lamming er i full gang.

Elles er det stor aktivitet i Våga når det gjeld byggjing av bustadhus og driftsbygningar. I månadsskiftet mars - april vart det endeleg så mildt i veret at arbeidet braka laust på tre nabogardar samtidig. Bernhard Våge er i ferd med å utvida grisehuset sitt. Forskalinga vart utført av Osmund Øvrebø og Bernt Øvrebø, medan støypinga gjekk på dugnad, som er mykje bruk på Austre Bokn i slike tilfelle.

Johan Medhaug har starta arbeidet på ny driftsbygning (løa). Der er Bokn Bygg i arbeid. Også der støyping på dugnad.

Alfred Strand skal byggja nytt bustadhus. Der har Håkon Bokneberg vore og grove ut tomt og laga vei og grøfter til kloakk, septiktank m.m.

I tillegg er Sigmund Våge godt i gang med grunnarbeidet til nytt bustadhus i Strandavik.

## SVANER

For tredje året ser det nå ut til at svaneparet skal byggja reir på sivholmen i "Vågatjødna". Dei er ei stund på Vågen og ei stund på "tjødna" endå, men er begynt å symja rundt holmen ein del. Ein av ungane frå i fjor er med dei endå.

## INNLØPET TIL VÅGAVÅGEN

Det har i mange år vore ynskje om å få betra innløpet til Vågavågen. Nå ser det ut til at det skal bli gjort noko med. Det

Det er store vanskar med å koma ut og inn på fjæra sjø. Ein håper og at isproblema om vinteren vil løysa seg, når det blir breiare innløp. Meininga er at innløpet skal få ei breidd på 10 meter, og ei djupn på 2 meter. Kystverket skal utføra dette sprengningsarbeidet i vår, og kommunen har gjeve ein bankgaranti på kr. 80.000.- for å få utført dette arbeidet.

## ARBEID MED AMMUNISJONSKASSAR

### TIL FORSVARET

Oppdraget har Peder E. Våge og Rolv Inge Våge frå R.S.D. Artilleriavdeling på Ulsnes gjennom Olav Øvrebø. Olav Øvrebø har skore til alle kassane i verkstaden på Ulsnes, og ført dei til verkstaden på Austre Bokn der arbeidet er utført.

Første ordren var 50 stk. utstyrskassar. Storleik: 0,75x0,46x0,28 m. Kassane er utstyrt med 8 rom, lås og beslag. Det er nær 200 skruar i kvar kasse.

Andre ordren var 50 stk. ammunisjonskassar. Storleik: 0,61x0,26x0,33m.

Arbeidet tok til seint i haust, og er nyleg avslutta.



## SKULENYTT

Til hausten skal det bli meir timar for nokre klassar det er 2 og 3 kl. som skal få to timar meir.

- 1 KLASSE vil få ein norsktime til og dei mister ein formingstime.
- 2 KLASSE vil få ein time til med norsk, matte og forming, men då mister dei ein time med musikk.
- 3 KLASSE vil få ein time til med norsk, matte og musikk men då mister dei ein time val-fag.
- 4 KLASSE vil få ein time til med norsk og mister ein time med ofag.
- 5 KLASSE vil miste ein time med kristendom og to med val-fag men då får dei igjen ein time heimkunnskap og to timar ofag.
- 6 KLASSE vil få to timar heimkunnskap og ein time musikk til, men då mister dei val-fag timane og ein time ofag.

Dei timane som nokre av klassane mister får dei igjen neste år, for no må ein sjå på 1, 2 og 3 klasse under eit og 4, 5 og 6 klasse under eit.

Nokre av elevane synes at det er fint med denne forandringa, men det er og nokre som meiner det motsette.

Me spurde skulesjefen om kvifor det blei slik. Han sa at det var ein ny mønsterplan som var kome ut, og den planen fortalde om kor mykje me skal læra.

Neste år skal 2 klasse gå ein dag seks timar og tre dagar skal dei gå fire timar.  
3 klasse skal gå to dagar seks timar og to dagar fire timar.

Frå staten si side meiner dei at me lærer for lite norsk, derfor får me fleire norsktimar.

1-7 klasse får ny mønsterplan neste år, men 8 og 9 skal ha den gamle.

Margaret & Margareth



# sport

No har me intervjua Steinar Bergsvik som i år er trenar for miniputtane (knottane) på Bokn. Det vert ikkje serie for for miniputtane i år, men dei vil prøva å få spela ein del kampar likevel. Me har tatt ein prat med trenaren deira Steinar Bergsvik.

Kvar bur du? Eg bur i Kopervik.

Kva yrke har du? Eg er ingeniør.

Kor lenge har du arbeida som ingeniør?

Eg har arbeida med det eit halvt års tid, for eg er nett ferdig med 3 års skulegang.

Likar du arbeidet?

Ja, men det er mykje å gjera akkurat no for det skal byggjast ein leikeplass i Alvestad.

Kor kjem du frå?

Eg kjem frå Sotra. Det er 20 min. frå Bergen.

Har du spela fotball for noko lag?

Ja, eg har spela for Hald, og i januar byrja eg å spela for Kopervik.

Er det bestemt kor mange kampar miniputtane skal spela?

Nei, det er ikkje bestemt kor mange kampar dei skal spela, men dei skal spela nokre kampar mot Kopervik.

Kor mange går på treningane?

Me var 20 i byrjinga, men no er me berre mellom 10-15

Likar du å trena miniputtane?

Ja, eg synes det er kjekt.

Da seier me berre takk for intervjuet og lykke til vidare med treningar/kampar!

Bjarte og Terje J

## sport sport sport sport sport

Her er kampane som Bokn småguttelag skal spela i serien i år.

|       |             |   |             |
|-------|-------------|---|-------------|
| 30.04 | Kopervik 3  | - | Bokn        |
| 07.05 | Bokn        | - | Torvastad 2 |
| 14.05 | Vedavåg 2   | - | Bokn        |
| 21.05 | Bokn        | - | Ferkingstad |
| 28.05 | Bokn        | - | Nord 2      |
| 04.06 | Kopervik 4  | - | Bokn        |
| 18.06 | Bokn        | - | Kopervik 3  |
| 20.08 | Torvastad 2 | - | Bokn        |
| 27.08 | Bokn        | - | Vedavåg 2   |
| 03.09 | Ferkingstad | - | Bokn        |
| 10.09 | Nord 2      | - | Bokn        |
| 17.09 | Bokn        | - | Kopervik 4  |

P.S Nokre av kampane blir kanskje flytta.

# Haugaland Forsøksring

- ET GODT TILBUD TIL ALLE BØNDER I BOKN.

Det er i Rogaland 9 forsøksringer og 105 på landsplan. Haugaland Forsøksring er ca. 10 år og arbeider i kommunene: Bokn, Tysvær, Karmøy, Utsira, Haugesund og Sveio. Forsøksringen har dei siste åra hatt sterk vekst og består nå av 183 medlemmer. Forsøksringen er open for alle bønder i ringen sitt distrikt. Den er sjøvtendig i høve til andre organisasjoner og vert styrt av bøndene sjølve. D.v.s at på årsmøtet som vert halde feb./mars vert det valgt et styre, med ein representant (et medlem) fra kvar kommune. Bokn sin representant i år er Sigmund Alvestad som også er formann i ringen.

Jordprøvetaking og gjødselplanlegging er blant dei viktigste arbeidsområdene. Det viktigste med jordanalysene er å få pekt på ytterpunkta, d.v.s. jord i dårlig næringstilstand må gjødsles sterkere enn normalt, og jord i svært god næringstilstand der man bør redusere gjødslinga. Det blir og gitt råd om plantevern, dyrkingsteknikk, sorts og artsvalg.

Vi har kvart år lokale forsøk og registreringer i samarbeid med ei rekke faginstanser. Medlemmene sine ønsker om spesielle forsøk er med på å danne grunnlaget for ringen sin forsøksverksamhet. Dette gir snarare løysing på lokale problem.

Faglege opplysninger skjer ved møter, markdager, kurs, medlemskriv og forsøksmeldinger. Forsøksringane i Rogaland gir i tillegg ut ei handbok kvart år som er spesielt skriven for vårt klima og miljø.

Haugaland

**F**orsøksring

.....framh.

Medlemskontigenten er ikkje høg i forhold til forsøksringen sine tilbud.

Kontigenten for 1986 er: kr. 450,- pr. bruk.

Medlemskapet bind ikkje utover kontigenten, men aktiv bruk av medlemskapet gir alltid mest att.

Benytt aktuell rådgiving som innsatsfaktor i drifta!  
Forsøksringen stiller med fagfolk som held følgje med utviklinga.

Fleire opplysninger kan fåes av:

Formann Sigmund Alvestad, tlf. 35 4 24 eller

Forsøksringleder Anund Susort, tlf. kontor 25 5 46/priv. 39 2 75.

## A/S AURORA

En gaveidé eller kanskje prikken over i-en til 17. mai og sommerantrekket? Vi har fått inn smykker, ørepynt og hårpynt i vårens og sommerens farger. Priser fra kr.3.50-35.-

Vi har hudpleieserien fra Anne Berndt - alle produkter inneholder dronninggelé - som er et naturprodukt. Spesielt vil vi nevne hudemulsjon - solkremen som beskytter mot sol  
eksem.

Godt utvalg i VIDEOFILMER - nye filmer hver måned. DYNASTIET er i vente.


Vi har EVERGOOD kaffen. DET FINNES IKKE MAKEN TIL EVERGOOD-SMAKEN.

DAGBLADET og VG kommer hver dag kl. 11.30

HILSEN

VENKE, JONNE OG LINDA.

*Anne Berndt*  
Gelée Royale Cosmetik



# VAKTLISTE

# HEIMESJUKEPLEIEN

|  |  |  |
|--|--|--|
| Man. 5.mai<br>Tir. 6<br>Ons. 7                 | Else Nilssen har vakt<br>frå kl.08-16 alle dagar<br>unntatt tirsdag    | Marie har vakt frå<br>kl.16-08.        |
| Tor. 8   | Else Nilssen har vakt heile døgnet                                     |  |
| Fre. 9   | Else Nilssen har vakt<br>frå kl.08-16.                                 | Marie Faye har vakt frå<br>kl.16-08.   |
| Lør.10<br>Søn.11                               | Marie Faye har vakt heile helga.                                       |  |
| Man.12<br>Tir.13<br>Ons.14<br>Tor.15<br>Fre.16 | Else Nilssen har vakt<br>frå kl.08-16 alle dagar<br>unntatt tirsdag    | Eva Svendsen har vakt<br>frå kl.16-08. |
| Lør.17   | Marie Faye har vakt frå kl.08 til18/5 kl.08.                           |  |
| Søn.18   | Eva Svendsen har vakt frå kl.08 til 19/5 kl.08.                        |  |
| Man.19   | Elsse Nilssen har vakt frå kl.08 - heile døgnet.                       |  |
| Tir.20<br>Ons.21<br>Tor.22<br>Fre.23           | Else Nilssen har vakt<br>frå kl.08-16 alle dagar<br>unntatt tirsdag.   | Marie Faye har vakt<br>frå kl.16-08.   |
| Lør.24<br>Søn.25                               | Marie Faye har vakt heile helga.                                       |  |
| Man.26<br>Tir.27<br>Ons.28<br>Tor.29           | Else Nilssen har vakt<br>frå kl.08-16 alle dagar<br>unntatt tirsdag.   | Eva Svendsen har vakt<br>frå kl.16-08. |
| Fre.30<br>Lør.31<br>Søn. 1.juni                | Else Nilssen har vakt heile døgnet frå 30/5 kl08<br>til man.2/6 kl.08. |  |


**MERK:**

På tirsdagane på dagtid  
utfører heimesjukepleien  
berre faste pleieoppdrag.  
Andre som treng hjelp denne  
dagen, kontaktar legekantoret  
tlf. 35 465.

**TELEFONAR:**

ELSE NILSSEN 35 338  
MARIE FAYE 35 455  
EVA SVENDSEN 35 339  
LEGEKANTORET 35 465





Nå er det vår, forventning i lufta.  
lukk augo op, legg øyra til,  
Kjenn kor det duftar,  
høyr, kor det syng  
det finnes ikkje tvil,  
livet har vakna.  
Gle deg og smil - nå er det vår -

Ein gamal kjenning har kikka fram  
"Kusommen" du kjenner han.  
Er han ikkje vakker, så gul og grøn  
Beder liksom ei stille bøn,  
lat meg få lyse  
sende ei helsing til alle som fryse  
- nå er det vår -

Sola ho skine, himlen gir væte  
snart springe bjørka, graset det gror.  
Takk og forvel du vinter i nord  
- nå er det vår -

## 735 innbyggjarar i Bokn

Statistisk Sentralbyrå gir jammleg ut oversikter over folketalet i kommunane. Den siste som kom ut var 17. mars 1986. Der kan ein lesa om endringar i 3. kvartal 1985, som viser at det i denne perioden har vore ein folketilvekst i Bokn på 4 personar, slik at det pr. 1.10.85 var 735 innbyggjarar i Bokn.

Folketilveksten kjem ein fram til ved å telja antal fødde, døde, innflyttingar og utflyttingar.

Hvis et barn lever med kritikk,  
lærer det å fordømme.  
Hvis et barn lever med fiendskap,  
lærer det å slåss.  
Hvis et barn lever med spott,  
lærer det å bli sky.  
Hvis et barn lever med skam,  
lærer det å føle skyld.

Hvis et barn lever med toleranse,  
lærer det å bli tålmodig.  
Hvis et barn lever med oppmuntring,  
lærer det tillit.  
Hvis et barn lever med lovord,  
lærer det å verdsette.  
Hvis et barn lever med ærlighet,  
lærer det å bli rettferdig.  
Hvis et barn lever med trygghet,  
lærer det å tro.  
Hvis et barn lever med anerkjennelse,  
lærer det å like seg selv.  
Hvis et barn lever med bifall og vennskap,  
lærer det å finne kjærligheten i verden.

Dorothy Law Nolte  
Oversatt av André Bjerke

## Bladpengar

FOR UTFLYTA BOKNARAR?

Er det nokon som ønskjer Bokn Bygdeblad tilsendt til stader utanfor Bokn?

Me i redaksjonen har fått ein del spørsmål om dette. Når det gjeld utsending innafor kommunen sine grenser blir det gjort på ein så rimeleg måte at ein førebels ikkje har vilja ta bladpengar for dette. Dersom ein skal senda avisa utanom kommunen, vil ein måtta ta betaling for porto og trykningsutgift. Det vil dreia seg om ca. kr. 4,- pr. avis.

Dei som ønskjer bladet tilsendt utanfor kommunen, kan ringja eller skriva til Bokn sosialkontor, tlf. 047 - 35 532, så skal me senda bladet til den adressa ein ønskjer. Me vil då koma tilbake til innkrevjing av kontingent seinare.

# PRESENTASJON AV LAG OG FORENING- AR I BOKN

## I DAG: **Bokn sanitetsforening**

I de små ting frihet  
I de store ting enighet  
I alle ting kjærlighet.

Dette er mottoet til Norske Kvinners Sanitetsforening (NKS). NKS er 90 år i 1986, og er den største kvinneorganisasjonen i landet med humanitært foremål.

Bokn Sanitetsforening vart stifta den 13. november 1937, og har 50 års jubileum neste år. Medlemstalet var pr. 31.12.85. på 256 medlemmer. Me er også interesserte i nye medlemmer.

Kort om foreningen:

Me har foreningsmøte 2 gonger pr. måned. Vidare har me sommartur for eldre, og adventsfest for eldre før jul.

Kort sagt ønskjer NKS å arbeida for betre tilhøve innan helse- og sosialsektoren. Viktige oppgåver i dag er revmatismesaka, kreftsaka, eldreomsorg og medisinsk forskning.

Bokn Sanitetsforening har også løyvd midler til inventar til sjukestova i Kombibygget. For å få midler til helsearbeidet vårt, er me med i landslotteriet, og sel maiblomar, fastelavensris, og så har me basar om våren.

Kan dette vera nødvendig i 1986? spør du kanskje. Me meiner så absolutt ja. Ved sida av dette har også foreningsarbeid ei sosial side som har betydning for det enkelte medlem.

Er du positiv til desse tankane er det plass for deg i Bokn Sanitetsforening. Me ønskjer deg velkomen - og har god bruk for deg!

Med helsing

Inger Sønnøve Bokneberg  
formann



**Norske Kvinners Sanitetsforening**

# SKYSS TIL GUDSTENESTER

Soknerådet har søkt Bokn kommune om garanti for underskot i samband med oppretting av kyrkjeskyss til gudstenester. På årsbasis reknar ein med at det kan bli eit underskot på denne skys- sen på ca. kr. 3.000.-.

Meininga er at kjøringa skal utførast av drosjen, og at det skal vera eit fast ruteopplegg.

Ruta er sett opp slik (ca.tider):

|          |   |
|----------|---|
| Kl. 9.20 | Frå Trosnavåg via Håland                  |
| " 9.30   | " Vatnaland til Are                       |
| " 9.35   | " Are til Dagsland kryss                  |
| " 9.45   | " Dagsland kryss                          |
| " 9.55   | " Loten                                   |
| " 10.00  | " Straumen                                |
| " 10.05  | " Hognaland bedehus                       |
| " 10.10  | " Grønnestad                              |
| " 10.15  | " Gunnarstad og til kyrkja.               |
| Kl.10.25 | " Alvestadkroken                          |
| " 10.40  | " Føresvik (korr.med ferja)og til kyrkja. |

Retur vil skje etter kyrkjetid. Ein vil på grunnlag av erfaringar sjå om dette ruteopplegget er det mest høvelege, og ev. koma tilbake med kunngjering dersom opplegget blir forandra.

Ordninga kjem i gong frå mai mnd., dvs. at første ruta vil gå til Konfirmantsamtalegudstenesta som er fastsett til 4. mai kl. 18.30. Rutetidene blir då tilsvarande sett opp i samsvar med tidspunktet for gudstenesta. Dvs. at avgangstidspunktet frå Vatnaland blir kl.17.00, frå Loten 17.25, Straumen 17.30, Alvestadkroken 17.55 osv.

Billettprisar er tenkt å bli kr. 20.- (tur/retur) for den lengste ruta, og kr. 10.- (tur/retur) for den kortaste.

Bokn formannskap gjorde den 8.4 slikt vedtak i ovannemnde sak:

Bokn formannskap vedtek som eit prøveprosjekt for 1986 å oppretta kyrkjeskyss i samsvar med soknerådet sitt vedtak av 12. mars -86. Utgiftene vert dekkja over post 1.510.291 - Andre driftsutgifter.



## Konfirmantar i Bokn den 8. mai -86

1. Alvestad, Arnfred
2. Berge, Knut Sigurd
3. Hognaland, Terje
4. Haram, Stig
5. Jøsang, Kurt
6. Taraldlien, Ronny
7. Vila, Johnny
8. Våga, Erik
9. Våge, Rolv Inge
10. Øvrebø, Erik
11. Are, Kristin
12. Grønnestad, Iren
13. Hognaland, Anne
14. Trosnavåg, Anne Lise
15. Våga, Sissel Irene
16. Øvrebø, Mai Britt

# Eit lite intervju i Biblioteket

Lesarar av Bokn Bygdeblad har nok merka seg dei stadige meldingane frå biblioteket med påminning om opningstider og lesar-tips. Me stakk innom biblioteket ein tirsdagsettermiddag for å få veta litt meir om Bokn Folkebibliotek.

Bibliotekar no er Ingjerd Thuestad og ho tok over etter Målfrid Kro TR●snavåg hausten 1984. Ingjerd Thuestad er imidlertid ikkje ny i faget. Ho har hatt ansvar for skulebiblioteket sidan 1972 og tok vidareutdanning innan faget ved L r r rh gskulen i Stavanger for nokre  r sidan.

Ingjerd kan fortelja at Bokn Folkebibliotek vart starta s  tidleg som omlag 1914 og at ein i dag har 8532 registrerte b ker, fast ab●nnement p  14 tidsskrift og ei avis. Ein har 140 registrerte l narar og i 1985 hadde ein eit totalt utl n til born p  1587 b ker, medan talet for vaksne var 1841.

Utl net til born har auka med over 100% og det tykkjer bibliotekaren er ekstra gledeleg med tanke p  at det jo er ungene som er framtida for bibliotekdrifta. Utl nsauken blant vaksne er p  20%. Biblioteka f r tilskot fr  staten og det vert rekna ut etter folketalet - i 1985 var det for Bokn p  kr. 20 000. Og det er ikkje mykje n r ein ser p  den enorme prisstigninga ein har hatt p  b ker!

Kva er det s  som er mest popul rt   l na blant boknarane?

"Biografiar!" svarar Ingjerd utan tvil. S rleg biografiar som vert omtala i pressa. Men seriar og historiske romanar er og sv rt populære. Innan faglitteraturen er frimerke, sjakk, kort, teknikk og mat etterspurde emne. Poesi g r det heller lite av. N r det gjeld tidsskrift er det mykje utl n p  Bonytt, Alt om mat, Foto og Alt om h ndarbeid.

Blant dei yngre er det no som f r seriar som ligg p  topp. Ogs  gode forfattarar har skj nt dette at unge likar seriar for s mlar verdien og ein har no f tt fleire seriar av god kvalitet. Her kan Apache- og J rn Donner seriane nemnast. Men framleis er Hardygutane og Fr ken Detektiv "godt stoff".

Mange born l ner regelmessig og nye kjem til. Nytt i haust er det dessutan at ein har f tt ei bokkasse p  handelslaget p  Austre Bokn.

Men Bokn Folkebibliotek kan og nyttast p  andre m tar: Her kan du setja deg ned i ro og m k med eit parti sjakk eller eit anna spel eller dersom du heller vil teikna, s  kan du det og!

# Kulturmiddlar 1986

Alle lag, foreningar og enkelt-personar som driv med kulturaktivitetar i Bokn kan søkja om tilskott for 1986.

Søknadsskjema får ein på sosialkontoret. (for dei som ikkje alt har fått det i posten).

SØKNADSRIST: 15. MAI 1986.

Bokn kulturstyre.

## HELSEKONTROLL bønder og fiskarar

Bokn formannskap gjorde i møte den 21. april vedtak om at det skal bli tilbod om helsekontroll hos lege for medlemmer av bondelaget, bonde- og småbrukarlaget og fiskarlaget.

Helse- og sosialleiarer skal arbeida vidare med denne saka, med tanke på ei meir omfattande bedriftshelseteneste for desse yrkesgruppene. Dette med tanke på forebyggjande helsearbeid. Som kjent er desse yrkesgruppene særleg utsette både når det gjeld yrkesskader og andre helseskader.

Saka skal opp i kommunestyret den 29. april.

# DUGNAD

Det er ikkje berre i Våga på Austre Bokn at dugnadsarbeidet går for fullt. Også på Vestre Bokn har det den siste tida vore mykje arbeid i kommunen som har vore utført på dugnad. Rett før nyttår vart ein god del av arbeidet med oppussinga av diskoteket på Kyrkjebygd skule utført på dugnad. Seinare er ein kome langt med arbeidet på garasjen til brannbilen. Denne garasjen er plassert i nordaustre hjørne av plassen utanfor Kyrkjebygd skule. Dette arbeidet blir utført på dugnad. Til slutt er det endå eit dugnadsprosjekt som er i gang. Dei fleste har vel sett at det gamle fæle gjerdet rundt plassen på Kyrkjebygd skule nå er tatt ned, og at eit nytt tre-gjerde blir sett opp. Også dette arbeidet blir delvis utført ved dugnadsarbeid.

Sjølvsagt er det folk som reagerer på at så mykje arbeid som kommunen utfører skal gjerast på dugnad, men det ser nå ut til at det går framover, og at arbeidet skal bli ferdig.

Det krev nøye planleggjing og styring av slike dugnadsprosjekt om dei skal bli vellukka. Det kan ofte bli slik at det er dei same personane som går igjen, og dermed ganske fort går leie.

## MUSIKKSKULEN

Musikkskulen i Bokn går i desse dagar ut med tilbod på ulike aktivitetar frå hausten av. Det er følgjande:

PIANO - ELEKTRONISK ORGEL - KYRKJEORGEL - BLOKKFLØYTE - TVERRFLØYTE  
GITAR - MESSINGINSTRUMENT - BARNEKOR - LEIKARRING - ASPIRANTOPPLÆRING TIL KORPSET.

Prisar, påmeldingsfrist, gruppestorleik osv. går fram av eit skriv som er sendt til alle husstandane. Opplysningar får ein ved å venda seg til Bokn skule.

# DETTE SKJER I MAI:

24. MAI: Bokn Høgelag sin plantebytedag på Bokn skule. (Sjå elles nærare omtale i forrige nummer av Bokn Bygdeblad.)

19. MAI: FILMSENTRALEN - Kino Bokn skule. Sjå oppslag.

30. MAI: Basar Bokn skule. Arr: Bokn sanitetsforening. Tid: kl.19.30

31. MAI: DANS på Bokn skule. Arr: Bokn Brass.

10. MAI: DISKOTEK-ARR. i diskoteklokalet. kl.20.30 - 00.30.

24. MAI:

17. MAI: Fest på Bokn skule om kvelden med underhaldning og matservering første del av festen - seinare dans.

17. MAI: Program for dagen blir sendt ut seinare.

1. MAI: I samtale med sekretøren i Bokn Arbeiderparti, Ove Alvestad, har Bokn Bygdeblad fått veta at årets 1. mai arrangement vert det 4. her på Bokn og at det no ser ut til å bli ein tradisjon. Til årets arrangement har ein vore så heldig å få Arvid Johanson til å halda talen for dagen. Arvid Johanson tør vera kjend for dei fleste gjennom radio og fjernsyn. Han har vore på Stortinget frå 1957 til 81, nestformann i Stortingsgruppa til Arbeiderpartiet, formann i industrikomiteen og i utanrikskomiteen og sat og som olje-og industriminister i 1980-81. Han er no redaktør i Halden Arbeiderblad.

ANNONSE

## 1. MAI på Bokn

PROGRAM FOR DAGEN:

Kl.15.00: Appell ved Svein Ivar Langhelle

Kl.15.10: Tale for dagen ved Arvid Johanson  
-redaktør i Halden Arbeiderblad

Kl.15.45: Sal av kaffe, kaker, brus m.m.

LEIKAR FOR BORN!

Sal av 1.Mai-merket: "Tid for reformer!"

Arrangementet vil føregå ute ved Bokn skule dersom veret tillet det. Musikkrommet er alternativet i dårleg ver.

Treng du skyss, ring 35514 eller 35598.

Festkomiteen.

NAVN: \_\_\_\_\_

ADRESSE: \_\_\_\_\_

## LEDIGE STILLINGAR

ELDREOMSORG - BOKN KOMMUNE

Frå 1. juli 1986 er midlertidig ledig deltidsstillingar i åpen omsorg for eldre i Bokn. Arbeidet er tilsv. vanleg heimehjelpsarbeid pluss vakter kveld, natt og enkelte helger. Arbeidet kan koma til å strekk ja seg over 1 år. Løn som for heimehjelpar. Nærare opplysningar om stillingane får ein ved å venda seg til Bokn sosialkontor. Søknad med avskr. av attestar og vitnemål sender ein til Adm. utvalet i Bokn, 4290 Føresvik, innan 15. mai 1986.

Helse- og sosialleiarer i Bokn.

## FOTPLEIE

Det blir fotpleie fredag den 2. mai.

Påmelding til sosialkontoret i tlf. 35 532 snarast.

### I REDAKSJONEN:

Ingunn Våge, Tove Steingilda og Reidar Alvestad. Nytt blad kjem ut i månadsskiftet mai/juni. Redaksjonen ønskjer stoff til bladet. Har du det, er det berre å kontakta sosialkontoret eller ein av oss i redaksjonen.

# SR-BANK

HAR DU ALTFOR MANGE KONTO I BANKEN, ELLER FÅR DU FOR LITE RENTE FOR DEI PENGANE DU HAR ?

KOM INN OG SNAKK MED OSS OM DET IKKJE ER MEIR PRAKTISK Å SAMLA DEI PÅ t.d. EIN BRUKSKONTO.

DEN KAN DU OG NYTTA SOM LØNSKONTO, OG BRUKA SJEKK, OG DU FÅR 5% FOR INNESTÅANDE INNTIL 15.000.- OG 10% FOR ALT OVER.

INGA OPPSEIING ELLER UTTAKSGBYR.

BRUKAR DU BANKBOK?

KANSKJE DU HELLER SKULLE BE OM KONTOUTSKRIFT KVAR MÅNAD, DA FÅR DU GREI OVERSIKT OVER ALLE INNSKOT OG UTTAK, OG KAN PÅ DEN MÅTEN FYLGJA MED I DET SOM SKJER MED KONTOEN DIN.

SOM SAGT, KOM INNOM OG TA EIN PRAT, ELLER RING TIL OSS.

MED HELSING FRA

SR-BANK Bokn  
Tlf. 047-35 462

